



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

Juli 2022

65. årgang



På tur til Solund/Utvær med konfirmantane frå Gulen og Solund. Sjå s. 4

REDAKTØR: Kyrkjevevja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
tlf. 57782090/97044591

kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no

REDAKSJON: Anne R. Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik
tlf. 48228353. annetveit46@gmail.com

KORREKTUR: Marit Sandal,

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282

**VIPPS: Gulen kyrkjelydsblad:
706144.**

TRYKKERI:

ETN Grafisk, 3701 Skien

SOKNEPREST i GULEN, BREKKE

og **MJØMNA SOKN:**

Per Børge Hillestad. tlf. 93442919.

per.hillestad@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.

kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no

KONTORSEKRETÆR:

Kenneth Kidøy, Tlf. 57782093

Kontor: Måndag kl. 12.30-15.30

Tysdag kl 9.00-15.30

Fredag kl 9.00-15.30

post@gulen.kyrkja.no

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-
LESRÅD:**

Leiar: Kåre Sigurd Krakhella, tlf.

90075286. kaare.krakhella@icloud.com

Nestleiar: Haldis Steine, tlf. 95841715

haldist@online.no

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.

Redaksjonen

ønskjer lesarane ein god sommar!

Innleveringsfrist til neste nr.: 1. sept.

**Ny medarbeidar på kyrkje-
kontoret**

Kontorsekretær Margrethe Skåden har 1 års permisjon frå 01.04.22.

I hennar stad er Kenneth Kidøy tilsett.

Stillinga er auka opp til ei prosjektstilling på 50 % fram til 01.04.23.

I tillegg til dagens sekretær oppgåver

skal han jobbe med digitalisering og endring av rutinar ved å ta i bruk og

utnytte digitale verktøy. Omlegging av kyrkjelydsbladet vil òg inngå i

stillinga. Kenneth Kidøy er frå

Eivindvik. Data har vore ein hobby

gjennom heile oppveksten, og han har

fagbrev innan IKT. Han har i mange

år jobba på kommunehuset i Eivind-

vik, der han òg fortset i si noverande

stilling, i 50 %. Hjarteleg velkomen i

staben, Kenneth, og lukke til i jobben!

Ferieavvikling på kyrkje-kontoret

Dei tilsette har ferie til følgjande tider:

Sokneprest Per Børge Hillestad:

4. juli – 8. august.

Kyrkjeverje Ingunn Sognes:

11. juli – 2. august.

Kontorsekretær Kenneth Kidøy:

4. juli – 25. juli.

Gravferdsvakt: Kyrkjeverja er tilgjengeleg i ferien når det gjeld det som har med gravferder å gjere. Ta kontakt på **mobilnr. 97044591**. Legg gjerne inn beskjed på mobilsvar.



Til ettertanke

Jeg leste for ikke lenge siden om begravelsen til tidligere ordfører i Time kommune, Arthur Løvik. Daglig leder i Time kyrkje, Anna Bergitte Skårland, var til stede i begravelsen, og hun bet seg merke i ett sitat fra minnetalen, som hun seinere omtalte i menighetsbladet:

«Vær 75 % overbevist, for da vet du hvor du står, og skifter ikke mening som en værhanne.

Samtidig har du evnen til å lytte til

andre, høre, ja, om nødvendig, så har du evnen til å skifte mening.

Er du 100 % overbevist, da blir du umulig, da hører du kun på deg selv. Fanatisme er farlig og ødeleggende. Arthur Løvik.»

Vi har lov til å undre oss.

Vi har lov til å stille spørsmål.

Jesus tålte disiplene sine mange spørsmål, og han lot dem undre seg. Når vi våger å være interesserte og nysgjerrige på hva andre tenker - og hvorfor - , kan det også skape nysgjerrighet tilbake, og dermed også spennende og gode samtaler.

La oss følge Arthur Løvik sitt eksempel, være 75 % overbeviste.

La oss være ydmyke overfor hverandre, lytte til hverandre og respektere hverandre.

La oss tåle hverandres ulikheter og ulike meninger.

Elske hverandre.

Og la oss leve sammen som søsken, med blikket festet på Jesus.

Han er vår redningsmann.

Han har ikke gjort seg avhengig av at

vi må være 100 % overbevist.

Vi kan bare klamre oss fast til ham, og han vil aldri slippe oss.

Dette er gode ord frå Anna Bergitte, og jeg vil også legge til Josva sin oppfordring:

«Vær frimodig og sterk!

Frykt ikke, og vær ikke redd!

For Herren din Gud er med deg

i alt det du tar deg fore.» (Josva 1,9)

Per Børge

På tur til Solund/Utvær med konfirmantane frå Gulen og Solund

Laurdag 23. april reiste konfirmantgjengen på utflukt til Utvær. Me fekk ikkje reist på leir til Alværa på grunn av pandemien, så då fann me ut at ein dagstur til Utvær ville vere ei god erstatning.

- Og for ein fantastisk tur me fekk!



Både konfirmantprest og konfirmantar var tydeleg fornøgde med turen.

Me plukka med oss Solundkonfirman-tane på Nâra, og via ein liten stopp med vandring på Husøy, kom me oss til Utvær i nydeleg vêr. På Utvær var det knapt eit vindpust, og strålende sol. Dei som ønskte det, fekk gå alle trappene opp i toppen av Utvær fyr (kjent frå den nye 50-lappen).

Bjørn Magne Hansen gav oss ei guida vandring rundt Nordsjøløypa, og me fann roen på denne nydelege øya heilt i vest.



Etter nokre timar på Utvær tok me turen til Hardbakke. Her åt me eit godt måltid på Skafferiet, før me gjekk ned på idrettsplassen for å spele frisbeegolf på den flotte 18-hols frisbeegolfbana.



Med som leiarar var óg Eirik Halsnes (foto ovanfor) og Maren Daae Eide (foto nedanfor, bakre seterad).



Båten henta oss tilbake til Dalsøyra. Der venta pizza og fotballkamp mellom Sogndal og Brann på storskjerm. Kampen enda heldigvis uavgjort, så stemninga var god heilt til siste stund. - Og om nokon lurar, så har Gulen dei aller beste konfirmantane i landet. Heilt objektivt, sjølvsagt!

Maren, Eirik og Per Børge
(Tekst og foto: Leiarar og konfirmantar)

Konfirmasjon i Mjømna kyrkje 8. mai 2022



(Foto: privat)

Bak frå venstre:
Konfirmantlærer Maren Daa Eide,
sokneprest Per Børge Hillestad og
konfirmantlærer Eirik Halsnes.
Framme frå venstre:
Nora Einebærholm Larsen,
Iver Sørhaug og Tale Einebærholm.



Foto: Arkiv

Konfirmasjon i Brekke kyrkje 15. mai 2022



Frå venstre: Konfirmantlærer Maren Daae Eide, Leif Arne Hop Sundal, Mari Bosdal, Kevin Johnsen, Linnea Haugland, Jaran Yndesdal, konfirmantlærer Eirik Halsnes og sokneprest Per Børge Hillestad. (Foto: privat)

Konfirmasjon i Gulen kyrkje 22. mai 2022 (namn s. 7)



Namn på konfirmantane i Gulen (foto førre side):

Bak frå venstre: Kristoffer Johan Flolid Eide, Håkon Rasch, Jonas Haveland Midtun, Torunn Nyhammer, Dorthea Norman Bøe, Amanda Wesenlund Hjønevåg, Mia Brosvik, Georg Shan Tveit, Joar Bruåsdal Haveland og Tord Vabø.

Framme frå venstre: Malin Nedrebø Styve, Tirill Villanger Henriksbø, Kristi Henanger, Hedda Austgulen Molde, Linnea Underthun, Hedda Marie Palmer Håvåg og Vegard Tveit. (Foto: Maike Norman Bøe)

Frigjeringsdagen 8. mai på Mjømna

8. mai blei ein festdag både i og ved Mjømna kyrkje.



I kyrkja var det gudsteneste, der tre flotte ungdommar blei konfirmerte. Sokneprest Per Børge Hillestad og medarbeidarane hans, Maren Daae Eide og Eirik Halsnes, gjorde det til ei høgtideleg og ugløymande stund både for konfirmantane og for alle oss

andre. Ekstra spesielt var det at konfirmasjonsdagen fall på sjølvaste frigjeringsdagen, noko som også blei lagt vekt på under talen til Per Børge.



Etter gudstenesta leia Ragnar Kayser ein seremoni ved minnesteinen for oppstarten av Bjørn West.



Det var kransenedlegging og talar ved kaptein/områdesjef HV Odd Arild

Algrøy og John Torsvik.
Jonathan B. Andreassen og Julian A.
Rambjørg stod på kvar si side av
minnesteinen med norske flagg.
Med Odd Arild Algrøy som forsongar
og med hjelp av musikantane Nikola
Shulfer og Maiken Andreassen frå
Byrknes skulemusikk, ljoma «Ja vi
elsker dette landet» ut over Mjømna.



Fint vêr, norske flagg, kvitmåla kyrkje
og bunadskledde folk, talar, allsong,
flinke musikantar og flaggberarar -
alt dette blei ei fantastisk ramme om
dagen!

Ei stor takk til alle som var med på å
gjere dette til ein festdag!

*Tekst: Mina Dahl Andreassen.
Foto: Privat*

Vert ei årleg markering

Soknerådet har i ettertid gjort vedtak
om at det vert ei årleg markering i
Mjømna kyrkje i samband med fri-
gjeringsdagen 8. mai, med krans-
nedlegging.

Sommarsalme

Sommarsalmen på neste spalte er
skrivnen av Anders Holmefjord, og er
laga om det å feire gudsteneste ute, i
«kyrkja mellom stein og strå».



Kyrkja mellom stein og strå

*Eg vandrar på ein blomsterveg
i dogga gras med lette steg
mot kyrkja mellom stein og strå,
der klokker kallar, små og blå.
Mi altartavle er ein fjord
med himmel over, lys og stor,
og frå mi blomstereing av gull
der flyg ein vakker sommarfugl.*

*Høyr trosten trutt si salme kved,
den tonen andar liv og fred,
og bakom lyder det eit kor
som helsar blidt sin songarbror.
Mitt orgel brusar frå ei elv,
ein foss i kvite strålar fell
og strøymer i ein døypedam,
velsigna vatn fyller han.*

*Slik Jesus der i Jordan stod.
Guds son då dåpen tok imot.
Frå himlen dala dua ned,
Guds Ande fylte han med fred.
Så var han for si gjerning klar,
i eitt og alt han trufast var,
ja, frå all synd oss gjorde rein.
Då velta vart den siste stein.*

*Sjå, steinen er mitt altarbord
med duk av lav og moseflor,
eg fell på kne og andar inn
det Du har gjort med nåden Din.
Her i ditt store kyrkjerom
eg høyrer at du seier: «Kom!
Min fred eg også gir til deg!»
Ein evig sommar ventar meg.*

Anders Holmefjord

Pilegrimsgudsteneste på Gulatinget 1. pinsedag



Pinsedag var det gudsteneste på tusenårsstaden Gulatinget på Flolid, ved sokneprest Per Børge Hillestad. Aage Sandal var både ringjar og klokkar, i tillegg til at han også heldt talen for dagen.



Organist Peter Jobbagy spelte til salmane, og Marta Fonnes Larsen spelte preludium og postludium, på trompet.



Det var også song ved Odd Harald Eide.



Ei fin pinsegudsteneste, og ei god oppleving!
Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi, som 9. og 10. klasse ved Eivindvik skule stod for.



Fasteaksjonen, resultat

Ved årets fasteaksjon kom det inn følgjande gåver:

Gulen kr 17.065,-, Mjømna: kr 5.711,- og Brekke: kr 7.435,-. I tillegg kom det inn kr 19.032,- på Vipps/gåver.

Totalt for heile Gulen kom det inn kr 49.243,-. Eit kjemp flott resultat!

Viktig info: Det innsamla totalbeløpet er eit resultat av det kyrkjelydane har samla inn både fysisk og digitalt, men også gåver til fasteaksjonen som er registrerte sentralt, frå privatpersonar og næringsliv med postnummer i sokna.

Takk for god innsats til konfirmantar, føresette og sokneutval, som gjekk rundt på dørene med innsamlingsbøsse. Det nyttar, og dette året gav eit heilt anna resultat enn det gjorde med digital innsamling dei to føregåande åra. Stor takk til alle som bidrog til dette flotte resultatet!

Ingunn Sognnes

Retreatsamling på Alværa 25.-27. august Ein pust i bakken ved semesterstart

Semesterstart med ein pust i bakken, bøn til Gud og samtalar om dei

viktige ting - dette er fokuset for retreatsamlinga på Alværa misjons-senter **25.-27. august** i år.

Retreat har for mange ein klang av kloster, men slike samlingar er etter kvart blitt vanlege også innanfor vanleg norsk kyrkjetradisjon.

Samlinga på Alværa i slutten av august er open for både kyrkjeleg tilsette og vanlege lekfolk; for alle som treng å ta ein pause for å søkje Gud i stille fellesskap med andre.

Retreaten er eit samarbeid mellom nettverket *Frimodig kyrkje* og *Peterstiftelsen*. Teologen Joachim Grün er med som leiar. Han er ein av dei mest erfarne innan norsk retreatsamheng, og skriv følgjande om retreatet:

«Retreater er forskjellige, men fellesnevneren er stillhet, eller kanskje heller taushet. Her får man trekke seg tilbake fra hverdagens stress og mange impulser, krav, sosiale medier og gjøremål – for å være stille og be. Retreaten blir en oase der både tempoet og skuldrene senkes.»

Detaljert dagsprogram og meir informasjon om retreaten på Alværa: <https://frimodigkirke.no/bjorgvin>



BØN, ny blikkretning og tilbaketrekking frå kvardagsmaset. Det er tankane bak ein retreat.



Gulenstemna

Velkommen til Gulenstemna i Brekke
søndag 28. august 2022.

Program for dagen:

Kl. 11.00: Gudsteneste i Brekke kyrkje ved Bjørn Magne Hansen. Frekhaug musikklag deltek med song. Etter gudstenesta er alle velkomne til betasuppe/pølser, is, kaker, kaffi m.m. i bedehuset.

Kl. 14.00: Ettermiddagssamling i bedehuset. Song ved Frekhaug musikklag og tale ved Gudmund Furnes frå Sogn og Fjordane Indremisjon.

Kjekt om flest mogleg frå bygdene rundt i Gulen og omeign set av denne søndagen til sosialt samvær!

Arrangør: Brekke kristelege ungdomslag



Ein ferie å glede seg til!

Blå Kors arrangerer gratis feriar for familiar over heile landet i samband med skuleferiar, høgtider og helgar. Målgruppa er familiar med låginntekt eller som har rusproblem og/eller psykiske utfordringar tett inn på livet.

Feriane er med på å skape viktige og gode minne for livet for familiane og barna. For å møte etterspurnaden er Blå Kors heilt avhengig av støtte frå privatpersonar og kyrkjelydar.

Gi trygge ferieopplevingar til familiar som har det vanskeleg. – Takk!

VIPPS: 13130 (mrk. ferie).

KONTO: 3201 52 74165

Mvh Blå Kors

Info kring gravferd og gravstad

Praktisk informasjon

Mange organiserer gravferda sjølve, med hjelp frå lokale tilbydarar som til dømes Solgul, drosjene m.fl. Andre vel å engasjere eit gravferdsbyrå. Om ein gjer det, vil gravferdsbyrået ta den nødvendige planlegginga og gjere dei nødvendige avtalane med kyrkjekontoret.

Tidspunkt for gravferda

Gravlegging skal skje seinast ti yrke-

dagar etter dødsfallet, dersom avdøde ikkje vert kremert. Tidspunkt for gravferd vert fastsett av kyrkjeverja etter avtale med den som syter for gravferda, eller med gravferdsbyrået.

Rett til å syte for gravferda

Det er dei næraste etterlatne til avdøde som har rett til å syte for gravferda. Gravferdslova fastset retten til å syte for gravferd i slik rekkjefølgje: ektefelle, barn, foreldre, besteforeldre, søsken, søsken sine barn, og foreldre sine søsken. Viss det før dødsfallet er sett fram skriftleg erklæring om kven som har denne retten, skal denne ha fortrinnsrett.

Grav

Alle innbyggjarar i Gulen kommune har rett til fri gravlegging og fri grav. Ein kan velje fritt ved kva kyrkjegard i kommunen ein ønskjer gravlegginga. Ved gravlegging er det også høve til å reservere ei grav attmed, til dømes til attlevande ektefelle. Den reserverte grava vert då ei betalingsgrav. Kyrkjeverja tilviser grav. Ein har høve til gjenbruk av eksisterande grav, under vilkår av at grava ikkje er freda, og at festar samtykkjer i at grava kan opnast for gjenbruk. Askeurne kan setjast ned i ei freda grav.

Utabygds gravlegging

Også personar som ikkje var busette i kommunen, kan gravleggast her, men det vert då kravt avgift for gravfeste, kiste- eller urneavgift, samt seremoniavgift viss ein skal ha kyrkjeleg seremoni i samband med gravlegginga. For desse gjeld følgjande avgifter

(vedtekne i 2017 og uendra hittil):
Seremoniavgift (leige av kyrkja):
kr 1760,00.

Kisteavgift: kr 8000,00.

Urneavgift: kr 3000,00.

Festeavgift (pr. år): kr 200,00 (vert kravd inn for 5 år om gongen).

Fredingstid og feste av grav, § 2 og § 3 i vedtektene for gravplassane i Gulen

Fredingstida er 30 år for kistegrav og 20 år for urnegrav.

På Mjømna, felt B og D, er fredingstida 40 år. På Rutle gravplass er fredingstida 60 år.

Urne kan setjast ned i kistegrav i fredingstida, jf. Gravplasslova § 8.

Når fredingstida for ei fri grav er ute, blir det sendt ut krav om festeavgift, kr 200 pr grav pr år, vanlegvis for 5 år om gongen.

For ei dobbeltgrav blir det kr 2000,- for 5 år.

Dokument omkring gravferd og gravstad:

* Vedtekter for gravplassane i Gulen.docx

* alt-det-praktiske.docx

Desse dokumenta ligg på heimesida til kyrkja. Du kan også få dei ved å ta kontakt med kyrkjekontoret.





Det tok tid

Nøkkelen til fred
står i døra
Til ei lita kyrkje
I ei lita bygd
På yttersida av verdas ende

Der er ope no,
kom berre
vri om nøkkelen
Stig inn
Sorgene skal du fare ifrå
og legge pent
på kyrkjetrappa, sjå
når du stig ut att or
ligg sorgene der
og ventar deg som
forgylla gåver
i Guds lys og evig kjærleik
er det lett å la dei gå
og gi takk, for at

Det var dei som fekk deg hit
Kvar ei tåre, kvar ei bør

Kvar ein gråt, kvar ein latter
Kvar ei sorg, kvar ein gledesong
Med ekko av gull i seg kvar gong

Ja
Det tar tid
å finne nøkkelen
sjølv når døra
alltid er opa

Yngvild Åm Sognnes (tekst og foto)



Opa kyrkje i sommar

Gulen kyrkje i Eivindvik vert i juli
open for publikum frå kl. 10-18 alle
dagar. Det vert høve til å gå rundt i
kyrkjerommet og sjå seg om på eiga
hand, eller setje seg ned i kyrkje-
benken for ei stille stund.

Vis respekt for kyrkjerommet, og
opptre varsamt og roleg.

Det vil ikkje vere kyrkjevertar til
stades, dei er der berre ved opning og
lukking.

Ver merksam på at det er gudsteneste
17.07. kl. 11.00.

Toalettet i bårehuset, rett utanfor inn-
gangsporten, er ope i same tidsrom.



Takk

Takk for all omtanke i anledning Ingrid Erdal sin bortgang. Takk for blomstene, og takk for gavene som ble gitt til Eivindvik bu- og omsorgssenter. Takk til prest Torbjørn Sæle for en vakker seremoni. Takk til alle som var der, og til alle som tenkte på oss.

*Marit, Inger Helene
Orlaug*

Takk

Ei varm takk for all omtanke i samband med vår kjære Odd Kåre Lihaug sin bortgang. Tusen takk for blomar, bærebukettar og gåver gitt til Eivindvik bu- og omsorgssenter i hans namn. Ei stor takk til tilsette ved Eivindvik bu- og omsorgssenter og Eivindvik sjukeheim for omsorgsfull hjelp og pleie. Takk til prest Bjørn Magne Hansen, organist Peter Jobbagy, solist Else Iren Westervik og Solgul blomst for ei vakker gravferd. Takk til alle som var med oss denne dagen.

*Med vennleg helsing
Elsa, Asbjørn og Anny, Karin, Jorid,
Aino og alle onkelbarna til Odd.*

Takk

Me vil med dette får rette ei varm takk for alle minnegåver og all omtanke, alle gode ord og helsingar i ulike former, som me fekk i samband med vår kjære Sigvald Kvernøy sin brå bortgang. Takk til alle som følgde han i gravferda.

Familien

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

MJØMNA SOKN:

13.03.22: Niklas Lossius Lie.
For.: Hilde Lossius Lie og Victor André Lossius Lie.

13.03.22: Elvina Mjånes.
For.: Laila Mjånes og Svenn Roger Mjånes.

10.04.22: Patric Vik Brekke.
For.: Therese Vik og Espen Fønnes Brekke.

10.04.22: Eira Sofie Haugen Kveim.
For.: Annette Kristin Haugen og Thorbjørn Dobie Kveim.

18.04.22: Erika Larsen. For.: Shikha Mishra og Per Henrik Larsen.

BREKKE SOKN:

21.05.22: Isak Thorsen-Ynnesdal Atterås. For.: Aksel Andreas Atterås og Wanja Thorsen-Ynnesdal Atterås.

Vigde:

BREKKE SOKN:

21.05.22: Runar Langvatn og Linda Aven.

Døde:

BREKKE SOKN:

30.11.21: Jostein Martin Haugland, f. 1948. (Retting frå førre nummer.)

GULEN SOKN:

19.04.22: Gerd Olina Haveland, f. 1940.

24.04.22: Ingrid Erdal, f. 1923.

24.04.22: Odd Kåre Lihaug, f. 1940.

13.05.22: Solveig Liv Korsvold, f. 1934.

14.02.22: Norvald Oppedal, f. 1945. Urnedesetjing.

MJØMNA SOKN:

18.05.22: Sigvald Kvernøy, f. 1955.



Sommarferie og gudstenester

Sommaren er her for alvor, med sine lange kveldar og lyse netter. Om vi ikkje kan seie at koronaen er historie, så kan vi iallfall no møte slekt og venner på ein friare måte enn vi har kunna gjort dei to føregåande åra. Det er mykje som skjer omkring i distriktet vårt om sommaren, både i kyrkjeleg regi og av kulturelle arran-

gement elles. Og skulle du sakne gudstenestefellesskapen i kyrkja di i ferietida, så sjå gjerne over til naboen. For ferietid er også reisetid, og du finn kanskje eit interessant reisemål ein bil- eller båttur unna.

Under finn du nokre alternativ:

02.07.-03.07.: **Selje:** Keltisk pilegrimskonferanse og Seljumannamesse.

10.07.: **Kirkjeneset, Losna kl. 14.00:** Friluftsgudsteneste i samband med Losnaspelet.

24.07.: **Vilnes kyrkje kl. 15.00.:** Friluftsgudsteneste

29.07.: **Fjon fjellkyrkje kl. 19.00:** Olsokgudsteneste. Jonsokbål og rømmegraut.

21.08.: **Stordalen fjellstove kl. 15.15:** Friluftsgudsteneste i samband med Bjørn West-marsjen

28.08.: **Knarvik kyrkje kl. 18.00:** Solidaritetsgudsteneste i samband med Knarvikmila. Gjest: Lise Klaverness.

Kyrkjekalenderen



03.07., 4. søndag i treeiningstida: **Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Norsk Gideon.

03.07., 4. søndag i treeiningstida: **Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Alværa misjons-senter.

10.07.: Ikkje gudsteneste i kommunen

10.07.; **Kirkjeneset, Losna kl. 14.00:** Friluftsgudsteneste i samband med Losnaspelet.

17.07., Aposteldagen:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Kåre Berge. Sommargudsteneste. Offer: Blå Kors.

24.07.: Ikkje gudsteneste i kommunen

29.07.: **Fjon fjellkyrkje kl. 19.00:** Olsokgudsteneste.

31.07., Ikkje gudsteneste i kommunen

07.08.: Ikkje gudsteneste i kommunen

14.08., 10. søndag i treeiningstida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Konfirmantpresentasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

21.08., 11. søndag i treeiningstida:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Konfirmantpresentasjon. Tårnagentar. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

21.08.: **Stordalen fjellstove**

kl. 15.15: Friluftsgudsteneste i samband med Bjørn West-marsjen

28.08., 12. søndag i treeiningstida:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Gulenstemna. Offer: Kirkens SOS.

04.09., 13. søndag i treeiningstida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: NMS.

11.09., Vingardssøndag:

Mjømna kyrkje kl. 16.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Misjonsprosjekt Mali.

18.09., 15. søndag i treeiningstida:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Konfirmantpresentasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

25.09.: Ikkje gudsteneste i kommunen

02.10., 17. søndag i treeiningstida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens SOS.

02.10., 17. søndag i treeiningstida:

Mjømna kyrkje kl. 17.00 v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest m/utdeling av bøker til 4- og 6-åringar. Offer: Søndagsskuleforbundet, Bergen.

09.10., 18. søndag i treeiningstida:

Brekke kyrkje kl. 17.00 v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest m/utdeling av bøker til 4- og 6-åringar. Offer: Sprell levande.

16.10., 19. søndag i treeiningstida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest m/utdeling av bøker til 4- og 6-åringar. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

23.10., 20. søndag i treeiningstida:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Sunniva Hospital, Haraldsplass.

30.10.: Ikkje gudsteneste i kommunen

***NB!!** Det kan bli endringar i den opsette gudstenestelista. Følg med i aviser, på oppslag og nett www.gulen.kyrkja.no www.kyrkjaigulen.no Facebook: Kyrkja i Gulen*